

Eli Marit Bruknapp, og
Terje Johan Dale
Oldernesveien 30,
5163 LAKSEVÅG

Bergen den 4.8.-08

Lindås Kommune
Byggesak,
Kvernhusmyrane 20,
5914 ISDALSTØ.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	40/44
7. 08. 2008	
Ark. saksnr.	Løpenr.
2008/1654	17562/2008
Saksh.	Tilgangskode
HSGT	

SAK: SØKNAD OM FORNYNG AV BYGGJELØYVE AV NAUST PÅ GNR 40 BNR 44.

I samband med at me kjøpte og overtok hytte på gnr 40 og bnr. 44,45 og i juli 2005, melde trongen for naustplass seg .

Etter ein del granskingar av nausttomta som me trudde på dette tidspunktet høyde natruleg til eigedommen som me nett hadde overte , og evt dokumentasjon omkring denne, fann me fram til at det førelåg eit byggjeløyve for oppføring av naust på gnr. 40 og bnr 44, Hodneland **datert den 3.5.-71, sak nr 133/71.**

Etter å ha gjennomgått desse teikningane og planane for det naustet som var omsøkt på det aktuelle tidspunktet og godkjend i Lindås Bygningsråd den 3.5.-71, fann me ut at dette var akkurat slik me hadde tenkt det naustet som me no planlegg byggja.

Me tillet oss med dette å søkja om å få fornya løyve frå 1971 slik at me kan føre opp nemnde naust på gnr. 40 bnr. 44 i det ein viser til vedtak som ovanfor nemnet.

Naustet er planlagt oppført i samsvar med tidligare innsende dokument og teikningar og vil såleis ikkje endra seg i terrenget i forhold til dei planane som Lindås Bygningsråd alt har godkjent.

Til orientering kan då opplysast at nausttomta alt er opparbeidd og utsprengd, men **Jens Eri** som då var byggjansvarleg, fullførde aldri bygginga av ukjende årsaker.

Som tilflyttar til området ser me det som svært viktig å kunna føra byggestil og tradisjonar vidare og difor vert nemnde naust ikkje noko unnatak i så måte.

Me ser det klart at miljøet i området vil verta monalege betre med at den allreie opparbeidde nausttomta vert nytta og opparbeidd til de den vart tekt til.

Slik den ligg i dag, er det berre å sjå på som ein skamplott i området.

Med venleg helsing

Eli Marit Bruknapp

Terje Johan Dale

Eli M. Bruknapp

Terje J. Dale



LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Eli Marit Bruknapp og Terje Johan Dale

Oldernesveien 30
5163 Laksevåg

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2008/1654 - 19824/2008	Larissa Dahl - 56 37 56 37	40/44	04.09.2008

Svar på søknad fornying av byggjeløyve - gbnr 40/44 Hodneland

Vi viser til søknad om fornying av byggeløyve av naust på gbnr. 40/44, mottaken 7.08.08.

Byggeløyve gjeld normalt i 3 år. Byggeløyve i sak nr. 133/71 er gått ut.

Det må fremjast ny søknad på vanleg måte. Meir om dette kan De lese på www.bing.nu (søknad).

Tiltaket er tinga av dispensasjon. Søknad om dispensasjon må grunnast med særleg grunn.

- Tiltaket treng dispensasjon frå Kommuneplan for Lindås kommune for å kunne handsamast vidare som byggesak. Kommunestyret har vedtatt innført gebyr for handsaming av dispensasjonar. Gebyret for sakshandsaming er sett til kr 10.000,-. Det kan vere ein fordel å avklare om ein kan forvente at dispensasjon kan gjevast, før søknad vert send inn.

Med helsing
Tor Hegle (S)
fagleiar byggesak

Larissa Dahl
Larissa Dahl
avdelingsingeniør